

Helse Fonna

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2017000166-3 Saksh: Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2017002270 Telefon: 53 65 40 23 033 09.02.2017

Fråsegn frå Odda eldreråd: Odda sjukehus si framtid.

Eit fungerande Odda sjukehus er ein av bærebjelkane i regionen og eit dei fundamenta lokalsamfunnet og regionen treng for å ha framtida framfor seg - og ikkje bak seg.

I ROS-analysen av Odda kommune kjem ein ut med **høgast alvorleggrad på store trafikkulukker, fare for eksplosjonsulukker og naturkatastrofar. Heile opptaksområdet er særleg utsett for naturkatastrofar og trafikkulykker.**

Området er prega av å vera særleg overrepresentert med omsyn til stengde vegar. Som det går fram av prosjektarbeidet er det få - om nokon - sjukehus som har så krevjande utfordringar med manglande flyvør og stengde/rasfarlege vegar. Etter ROS- analysen har det og vore fleire alvorlege tilfelle med flaum og ras etter uvanleg store nedbørsmengder.

Eit operativt Odda sjukhus representerer eit viktig mental faktor for dei fastbuande, men og for tilreisande (som på årsbasis ser svært mange): Berre Trolltunga nærmar seg 90.000 i årleg besøk over ein stadig lenger sesong og Seljestad / Røldal har eit endå større i samla naturbasert vinterbesøk.

Oppsummert har Oddaregionen – og med det Odda sjukehus, særskilte utfordringar med lang veg næraste sjukehus, rasproblematikk i særklasse, flaumutsette vegar, elektrokjemisk- og elektrometallurgisk storindustri i full drift, raskt veksande naturbasert turisme i tøft terreng og hovudtrasè aust-vest (E134) med betydelege vinterutfordringar og mengdevis med lange tunellar i sjukehusområdet.

Dette er alle viktige grunnar for at Odda sjukehus må ha fullverdig beredskap.

Beredskapen i Odda er i dag tilpassa, føreseieleg og robust. Den kirurgiske vaktordninga fungerer og er attraktiv for kirurgane.

Tek ein bort den kirurgiske akuttberedskapen vil andre tilbod ved sjukehuset og forvitra.

Turnusteneste for legestudentar vil ikkje verta godkjent. Anestesi og kirurgisk kompetanse vil forsvinna. Medisinske overlegar og anestesilegar er klar i sin tale. Dei tek ikkje sjansen på å arbeida ved Odda sjukehus utan kirurg på vakt.

Eit levande kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51	Org.nr: 964 967 814	Telefon: 53 65 40 00
Opheimsgata 31	Bankgiro: 3201.50.24584	Telefaks: 53 65 40 51
	Innbetaling 6345.06.12288	Epost: epost@odda.kommune.no
	skatt:	

Med 3,75 årsverk kirurgi og godt team fungerer «Oddamodellen/Hardangermodellen» godt. Odda eldreråd er overtydde om at det vil den gjera i mange år frametter.

Det føreligg ikkje konkrete samferdselsprosjekt som vil betra den trafikale kontakten med andre sjukehus. I nasjonal transportplan ligg det heller ingen slike prosjekt inne i planperioden- som går til år 2029.

I haust har akuttkirurgien i Odda redda tre liv. Ordninga vi har i dag er vel verdt å hegna om.


Odda eldreråd trur og meiner at fleire menneske vil døy i vårt opptaksområde om akuttkirurgisk beredskap vert nedlagt ved Odda sjukehus.

Sei ja til Odda sjukehus !

Venleg helsing

For

Odda Eldreråd



Ola T. Sekse

Leiar

Kopi :

Odda kommune ved ordførar

Odda og Tyssedal pensjonistforening

Røldal pensjonistforening

Ullensvang Eldreråd

Jondal Eldreråd

Hardanger Folkeblad